

DEN EVANGELISK LUTHERSKE BANTUKYRKJA I SØR-AFRIKA

av

I. E. HODNE

Alt misjonsarbeid siktar mot eitt mål, nemleg som frukt av arbeidet å skape ei sjølvstendig kyrkje. Vi segjer at ei kyrkje er sjølvstendig når den greider seg sjølv økonomisk, har det fulle ansvar for alt styre og stell i kyrkja og samstundes har kraft til å utvide arbeidet ved evangelisasjon eller misjon. Utviklinga i den seinaste tid innan verdensmisjonen viser at sjølvstendiggjeringa av dei unge kyrkjer i Asia og Afrika er brennaktuell. Det er vel klårt for dei fleste som har litt kjennskap til stillingen i dag, at ein her står andsynes det som skal avgjera kristendommens vidare framgang desse stader.

Med Sør-Afrika meiner vi Sør-Afrika-Sambandet, dvs. provinsane Kap, Orange-Fristaten, Transvaal og Natal. Dessutan dei engelske protektorat Basutoland, Swaziland og Betchuanaland, samt Sørvest-Afrika. I samband med luthersk misjonsarbeid har vi i den seinare tid utvida omgrepet litt og taler gjerne om det sørlege Afrika og reknar då også med Sør-Rhodesia. Grunnen til denne utviding er at Svenska Kyrkans Mission har eit lovande arbeide i Sør-Rhodesia, og det prøver ein å knyte saman med arbeidet i Sør-Afrika.

Abantu eller bantu er ei sams nemning for dei fleste innfødte folkestammer i Unionen. Den gjevaste gruppe millom desse er utan tvil zulufolket. Dei innfødte sjølv kallar seg gjerne for abantu, og ordet er nå overalt offentleg nytta som rette namn for desse stammer.

Ein bør vel med det same gjera merksam på at den evangelisk lutherske bantukyrkja ennå ikkje er ein røyndom. Men det er eit mål vi reknar med å nå i den nærmaste framtid. Mot dette mål har dei fleste lutherske misjonsselskap arbeid i lengre tid, og

særleg har ein gjort store framsteg i den aller siste tid. Vi kan difor med ein viss rett alt nå tale om denne kyrkja.

Det er i denne samanheng naturleg å vise tilbake til den tid då dei ulike lutherske misjoner tok til å arbeide i Sør-Afrika og kort fylgje utviklinga i den tidsbolken. Dessutan må ein peike på det som seinare førde til samarbeid mellom desse misjoner, særleg i Natal, vanskar i dette samarbeide og korleis samarbeidet i den siste tid har fått ein så omfatande karakter at det gjeld heile det sørlege Afrika.

Vi vil også nemne det som i særleg grad intresserer oss, nemleg Den Norsk Lutherske Zulusynode som er ein røyndom sidan 1. januar 1954. Den har sin eigen konstitusjon og er organisert som eit sjølvstendig kyrkjesamfund ved sida av Det Norske Misjonsselskap.

Herrnhuttane var dei første lutheranarar som tok opp arbeid i dette land. Alt i 1737 tok Georg Schmidt til å arbeide mellom hottentottene. Men då han tok til å døype heidningar, møtte han slik motstand frå den kvite folkesetnaden at arbeidet vart forbode. I året 1792 tok likevel Brødremenigheten til på ny, og nå kom dei for å vera. Første stasjonen var Gnadenhal. Ein svenske, Petter Hallbeck, var leidar til 1840. I dag har Brødremenigheten om lag 20 000 kristne i sine kyrkjelydar. Den har like til det siste vore utanom alt luthersk samarbeid. Men i 1949 sende den for første gang elevar til den sams lutherske presteskule på Oscarsberg, Natal.

År 1834 tok Berlin-Misjonsselskapet (B.M.S.) til i Orange-Fristaten, og utvida sitt felt i 1846 til Zululand og Natal. Denne misjon, som er den nest største lutherske misjon i Sør-Afrika, har nå fleire synoder over heile landet: 1) Zulu-Xosa-Swazi-synoden, 2) Nordre Transvaal-Synode, 3) Søndre Transvaal-Synode, 4) Orange-Fristat-Synoden, og 5) Kap-Synoden. I 1953 hadde den 109 000 kristne.

Det Norske Misjonsselskap (N.M.S.) kom til Natal og Zululand 1844. Det har berre ein synode, Den Norsk Lutherske Zulusynode. Den har litt over 25 000 kristne.

Hermannsburgmisjonen (H.M.), som er den største lutherske

misjon i landet, opna sitt arbeid 1854. Den arbeider nå i 1) Natal og Zululand, 2) Transvaal (der den har to distrikt). Den har nå 123 000 kristne.

Svenska Kyrkans Mission (S.K.M.) tok til 1876 og har nå arbeide i 1) Zululand og Natal, 2) Transvaal, og 3) Sør-Rhodesia. Den har 28 600 kristne.

Den Amerikansk Lutherske Misjon — Evangelical Lutheran Church (E.L.C.) — overtok 1928 «Schreudermisjonen» (1873). Arbeidsfeltet er Zululand og Natal, med 15 600 kristne.

Den Hannoveranske Frikyrkje har skilt seg ut frå Hermannsburgmisjonen og får om lag all støtte fra U.S.A. Arbeidsfeltet er Zululand og Natal. Den har ca. 13 000 kristne.

Det Rhinske Misjonsselskap tok til i Sør-Vest-Afrika 1842. Det har i dag 94 500 kristne.

Det Finske Misjonsselskap har sidan 1879 arbeid i Sør-Vest-Afrika og har nå 82 000 menighetslemer.

I denne oversikt har eg nytta ulike nemningar for arbeidet i dei ymse misjoner. Vi har tala om synoder, distrikt, arbeidsfelt eller arbeide. Det er ikkje utan grunn at ein må nytta ulike uttrykk. Seinare skal vi sjå at synode, distrikt og arbeidsfelt fortel oss noko om kor langt arbeidet med sjølvstendiggjeringa er kome i misjonsselskapene.

Dei samarbeidande lutherske misjoner, dvs. dei som er gått saman i eit reelt samarbeid, har tilsaman om lag 300 000 kristne. Saman med dei andre selskap, Det Rhinske Misjonsselskap, Det Finske Misjonsselskap og Brødremenigheten, er det etter siste statistikk 512 000 kristne. Det lutherske innslag i Sør-Afrika er difor stort. Ei sameint luthersk kyrkje i Sør-Afrika vil såleis kome svært nær den største lutherske kyrkje millom dei innfødte, nemleg Batakkyrkja på Sumatra.

I første omgang kan det sjå litt planlaust ut med alle desse lutherske misjoner som, uavhengig av kvarandre og ofte utan å vite om kvarandre, tok op arbeide i landet. Noe liknande ville truleg ikkje hende i dag då vi reknar med å ha meir oversikt. Men det er ingen tvil om at Gud har hatt ei meinings med det når han kalla så mange nettop til dette feltet.

Den første tid i alt misjonsarbeid må nyttast til å planlegge og få arbeidet inn i visse faste former. Det var difor ingen trang til noe samarbeide i pionértida. Alle var då optatt med sitt område og dei spesielle vanskar alt nybrottsarbeid møter. Det var først når spørsmålet om medarbeidarar i kyrkje og skule melde seg, at tanken om eit samarbeid kom fram. Om arbeidet skulle utvikle seg normalt, måtte ein ha lærarar i skulane og prestar og evangelistar i kyrkjelydane.

Særleg var det mange lutherske selskap som tok op misjonsarbeide i Zululand og Natal. B.M.S., N.M.S., S.K.M., E.L.C. og H.M. Med undantak av N.M.S. og E.L.C. har alle desse også arbeide i andre provinser. Seinare skal vi sjå at denne faktor får mye å segja for eit utvida samarbeid. Då så mange slo seg ned i Natal på eit heller lite område, var det naturleg at denne provinsen kom i forgrunnen når det gjeld samarbeide.

I 1881 vart Natal Missionary Conference skipa på interkonfesjonell grunn. Denne konferanse førde naturleg tanken mot eit konfesjonelt samarbeide millom dei lutherske misjonarar, og første frukt vart Lutherkonferansen som kom saman 1889. Det er ikkje rett å kalle dette for eit samarbeide. Det var meir eit samfunn millom misjonærar enn samarbeid millom misjonarar. Men det var eit steg i rett leid. Misjonærane kom saman kvart år, og samfundet millom lutheranarane vart styrkt. Det vart vedteke å gjeve ut eit blad, «Isithunywa», som seinare vart organ for alle misjonarar. Elles prøvde ein med litt samarbeid i skule- og litteraturarbeidet, og det er ingen tvil om at desse årlege samvær styrkte samarbeidstanken. Ja, jamvel etterat eit reelt samarbeid kom i gang, har Lutherkonferansen hatt ei stor oppgåve. Særleg for dei misjonarar som ikkje ville gå med i direkte samarbeid, har denne konferansen vore den opne dør der alle kunne samlast.

Det er først i 1912 at eit reelt samarbeid tek til. Og det som då førde til samarbeidet, var først og framst at kravet nå melde seg med styrke om medarbeidarar i skule og kyrkje. Folkeskulane auka og voks, og kyrkjelydane likeeins. Då fleire av dei lutherske misjonarar hadde interesse av å ta til med ein lærarskule, sa likevel staten frå at ein ikkje kunne rekne med støtte til meir enn

ein luthersk lærarskule i Natal. Dermed måtte misjonane gå saman om lærarskulen. Ein evangelistskule og presteskule var også naudsynleg. Difor vart alle lutherske misjoner i Natal kalla saman til samarbeid. Hermannsburgmisjonen, Den Hannoveranske Frikyrkje og Schreudermisjonen (nå E.L.C.), fann av ymse grunnar ut at dei ikkje kunne vera med. Likevel tok samarbeidet til med dei tre andre misjoner, dvs. B.M.S., S.K.M. og N.M.S. Målet for samarbeidet var å skape ei evangelisk luthersk zulukyrkje. Første mål var såleis avgrensa til Natal.

Alt same året vart desse skulane opna: 1) lærarskulen på Umpumulo (tidlegare evangelistskule og lærarskule for N.M.S.), 2) presteskulen på Oscarsberg (svensk misjonsstasjon), og 3) evangelistskulen på Emmaus (Berlinmisjonen). Såleis fekk alle noe av samarbeidet knytt til sitt felt. Dette var med å styrke arbeidet. Først 1928 kom E.L.C. med. Dei sette som vilkår ennå å utdanne sine eigne prestar og evangelistar. Frå 1938 kom H.M. delvis med i arbeidet. Dei hadde særleg interesse av å sende elever til lærarskulen på Umpumulo som på denne tid var heilt utbygd.

Det tok såleis 25 år før vi kan snakke om ei samling, og jamvel då var det langt frå slik ein kunne ynskje det. Det er likevel mye gledelegt i utviklinga i desse åra.

I 1925 tok ein til å arbeide med konstitusjonen for zulukyrkja. Samstundes kom tanken fram om sams liturgi, salmebok og presteklær. Arvegods frå heimlanda skapte vanskar her. Alle ville ha sitt nasjonale sær preg med. Når ein samanlikna konstitusjonane for dei tre ovannemnde misjoner, viste det seg at dei stort sett var like. Ein skulle difor tru at ein lett kunne finne fram til ei sams ordning. Det tok likvel lang tid innan ein kom fram mot målet. Eit luthersk blad kom som nemnt ut alt før samarbeidet tok til. I 1918 vart «Isithunywa» organ for dei lutherske misjoner. Det var dessutan naturleg med eit vidare samarbeid i litteraturen og det lutherske forlag, Lutheran Book Concern, nå Lutheran Publishing House, vart skipa 1935. Det har vore til stor hjelp både i folkeskulen, dei høgare skuler og i kyrkjelydane våre. I 1938 var det berre den Hannoveranske Fri-

kyrkje som sto utanom alt samarbeid. Arbeidet hadde nå utvida seg slik at ein trong til ein ny konstitusjon for denne arbeidsgrein. Denne konstitusjonen gjeld ikkje zulukyrkja og har ikkje noe å gjera med den ovannemnde som ein tok til med 1925. Det er ein konstitusjon for samarbeidet millom misjonane, og den avløyste den som la grunnen for arbeidet i 1912. Nå kjem det tydeleg fram at ein er klår over det målet ein sikter mot: «å bygge op ei sjølvstendig, økonomisk uavhengig og sjølvutbreidande luthersk kyrkje millom zuluane og stammer som er i slekt med dei». Grensene for Zululand og Natal er dermed passert. Grunnen til dette er ein naturleg fylgje av at dei fleste misjoner hadde arbeide millom andre stammer også. Frå nå av går utviklinga klårt og snøgt framover. Ikkje eingong siste verdkrig kunne bryte ned samarbeidet. Under krigen la ein særleg vekt på bibelomsettingsarbeidet og skulearbeidet. Straks etter krigen opna ein den nye realskulen på Eshowe (N.M.S.'s hovedsentrum). Han hadde tidlegare vore saman med lærarskulen på Umpumulo. Lærarskulen vart såleis utvida slik at ein kunne ta 200 elever, og realskulen har plass til om lag det samme talet. Så vart det gjort endeleg vedtak om at presteskulen også for framtida skulle vera på Oscarsberg og haldast open kontinuerlig. Ved siste kull sende Brødremenigheten som nemnt for første gang 3 studenter til skulen. Dessutan sende S.K.M. en del studenter fra Sør-Rhodesia. Skulen har såleis utvikla seg til å verte eit luthersk «fakultet» for det sørlege Afrika. På denne vis er radiusen for samarbeidet vorte utvida langt ut over dei grenser ein tidlegare hadde tenkt seg. I det heile har det vist seg at dei høgare skuler er ein mektig faktor til å styrke samarbeidet.

I 1946 kom det fram eit forslag om ein rådgjevande komité (synode) som skulle arbeide vidare med konstitusjon og liturgi etc. for bantukyrkja. Frå kvar misjon vart det vald two misjonærer og two innfødte. Første møte vart halde 1949, og seinare har det vorte halde kvart år. Denne samling av innfødte og misjonærer er eit framsteg ein må glede seg over, sjølvom denne komité ikkje kan ta endelege avgjerder.

Konstitusjonskomiteen la ned sitt arbeide under krigen, men

tok det opatt straks den var slutt og la i 1950 fram forslag til konstitusjon for ei sams luthersk bantukyrkje i Sør-Afrika. I 1951 vart den handsama i revidert form. Den bygger i det store og heile på synodalforfatninga. H.M. har halde seg borte også frå denne rådgjevande komité. Men så har ein hatt den glede at Den Hannoveranske Frikyrkje har slutta seg heilt til samarbeide frå 1952. H.M. har likevel fylgt utviklinga med interesse og hatt sine observatører ved møta og bede om å få referat frå desse. Konstitusjonen er nå ein realitet trass motstand eller rettare sagt passivitet, frå H.M. For ikkje heilt å stenge døra for H.M. og andre som ikkje finn tida mogen for å skipa denne storkyrkje ennå, har ein istadenfor å kalle det ei sameint kyrkje (United Church), kalla det for ein føderasjon der dei einskilde synoder er velkomne inn i når dei finn det laglegt.

Det det nå gjeld om, er å få ein føderasjon snarast råd er. Men her melder vanskene seg på ny. Føresetnaden for denne føderasjon, eventuelt ei sameint kyrkje, er at misjonene først har sjølvstendige synoder som kan melde seg inn i ei storkyrkje. Einskilde misjoner er her kome langt på veg, medan andre ligg langt tilbake. Tidlegare har vi nemnt at Berlinmisjonen har 5 synoder og N.M.S. 1 synode. Dei andre misjoner har ennå ingen synoder, men framleis berre distrikt eller arbeidsfelt. Misjonsdistriktet er framleis arbeidsområdet, og den innfødte kyrkje eller kyrkjelyd har ennå ingen sjølvstendig status med konstitusjon. Den er eit underbruk under misjonen, med misjonærkonferansen eller heimestyret som høgste instans. Den misjon som er nådd lengst, er N.M.S.

I denne samanheng er det naturleg å nemne nyordninga innan N.M.S. frå 1949 og utviklinga åra etterpå. Under misjonssekretær J. Skauges vitjing i 1949 vedtok både kyrkjemøtet (nå synodemøtet) og konferansen å sjølvstendiggjera vårt arbeid millom zu-luane innan fire år, dvs. innan utgangen av 1953. Innan den tid skulle zulukyrkja overta alt økonomisk ansvar for kyrkjelydsarbeidet og tilsettje innfødte prestar som distriktsstyrarar i den utstrekning den makta det. Helst skulle den innan den tid ha sine eigne folk i alle distrikt. Studnaden frå N.M.S. til arbeidet vart

redusert med 25 % pr. år til utgangen av 1953, og seinare fell all støtte bort. Zulusynoden skulle på den andre side registrerast som sjølvstendig kyrkje ved sida av N.M.S. I dag er den eit faktum, og namnet er Den Norsk Lutherske Zulusynode. Det årlege synodemøtet er høgste autoritet og avgjer alle saker. I tida millom møta råder synoderådet. Synoden vel sjølv sin president og visepresident og kan fritt velge anten ein misjonær eller ein innfødt prest. Ved første valg valde den misjonsprest N. M. Follesøe som president og pastor K. J. Msomi B.A. som visepresident. Synoden har også makta den økonomiske side ved saka og auka sine inntekter med litt over 30 000 kr.

Berlinsynodene er også økonomisk sjølvstendige. Men dei har ikkje makta å betale sine prester og evangelister den løn dei skal ha etter vedtak i samarbeidet. S.K.M. og E.L.C. er langt tilbake når det gjeld sjølvhjelpa. Den siste misjon har dessutan ikkje hatt nokon konstitusjon for arbeidet sitt før i dei siste åra. H.M. er vel den som ligg lengst etter på alle område. Men det er ingen tvil om at det kan gå fort dersom ein verkeleg går inn for sjølvstendiggjeringa. N.M.S. er eit godt prov på dette. Det er stort sett samme slags folk vi alle har å gjera med. E.L.C. har kome godt etter dei siste åra. Kan ein auke farten tilsvarande hjå dei andre så skulle den side ved saka legge seg til rette, og den samiente kyrkje kunne vera ein realitet innan stutt tid.

Fleire av dei vanskar som tidlegare seinka arbeidet er nå borte. Den liberale teologi og ulikt syn på nattverdsamfund med andre denominasjonar har tidlegare skapt vanskar, særleg for H.M., for eit fullt samarbeid. Elles har som tidlegare nemnt nasjonalt arvegods vore ei stor hindring. Men mange av desse vanskar er nå borte. Vi har nådd fram til sams presteklær, sams liturgi, sams salmebok. Første gangen den nye prestedrakt vart nytta, var 6. desember 1953 då 6 av N.M.S.s «teologiske kandidatar» vart ordinera til prestar. Ei ny salmebok med 400 salmer er nå under trykking. Dessutan kjem så kravet sterkare og sterkare frå dei innfødte sjølv. Dei ser med glede fram mot den dag då dei har ei sams luthersk kyrkje i Sør-Afrika. Dette er ein faktor som utan tvil vil påskynde farten i framtida. Og til slutt må ein

nemne heimestyra. Dei fleste heimestyra skubbar på og det med rette. Ofte er det heimestyra som har makta å løysa knutene, ja, jamvel av og til måtte dei hogge dei av. Vitjingane frå heimlanda dei siste år har hatt mye å segja for utviklinga. Vi har nettop set kva misjonssekretær J. Skauges vitjing fekk å segje for N.M.S. sitt arbeidsfelt.

I 1950—51 var misjonsdirektør Brennecke frå Berlinmisjonen på inspeksjon i Sør-Afrika. Han kalla saman alle lutherske misjoner til eit møte i Pretoria i april 1951. Resultatet var at alle dei tidlegare nemnde selskap sende utsendingar. På dette møtet vart det samråystes vedteke å skipe eit luthersk kyrkjeråd for Sør-Afrika. Det er nå ein realitet, og såleis har ein fått eit sams forum for lutherdomen i Sør-Afrika. Dette betyr eit utvida samarbeid ein kan vente seg mye av. Det har tatt arbeidet i Natal som mønster og fylgjer om lag dei same linjer. Målet er nå *ei sams luthersk kyrkje for det sørlege Afrika*. Dermed er faktisk den råma denne artikkelen egentleg tenkte å gjeve eit oversyn over, overskriden. Den galdt den evangelisk lutherske bantukyrkja. På denne vis kjem også hottentotter og andre folkegrupper inn i bilæte. Ein må uvilkårleg minnast ordet om senepskornet.

Etter så mange års luthersk arbeid i Sør-Afrika skulle ein ha lyst til å kunne peike på ennå fleire konkrete ting i denne sak. Ein kan ofte verte mismodig, og ein tykkjer det går så altfor seint. Likevel tykkjer eg det er grunn til å vera takksam for det som er nådd, og det kan vel ikkje vera nokon tvil om at ei sam eing luthersk kyrkje vil vera ein røyndom om ikkje så altfor lenge. Det er mye truleg at ein føderasjon av synodene i Natal vert første steg på vegen. Og sjølv om ein ikkje kan rekne med at H.M. vert med frå først av, så har ein med eit slikt forbund nådd langt. I neste omgang vil det naturleg utvide seg til å gjelde heile Sør-Afrika (med Sørvest-Afrika) og truleg Sør-Rhodesia. Vi i N.M.S. har ofte vore stolte av at vi er nådd såpass langt. Men vi treng då minnast at vi berre har *ein* synode og arbeider berre i *ein* av provinsane og har eit meir *avgrensa* område. På den andre sida kan vi vera eit audmjukt føredøme for dei andre og vise dei at det er råd å aktivisere dei innfødte kristne, og at dei også kan

styre og stelle sjølv, når dei berre får ansvaret lagt inn over seg. Eining gjer sterkt, det gjeld alle stader, men særleg ute på misjonsmarkene når ein skal vitne for heidningene, slik at dei kan kome til tru på Kristus. Det er denne eining som for framtida må verte eit kjennemerke for lutherdommen i Sør-Afrika.

L I T T E R A T U R

- O. G. Myklebust:* Luthersk samarbeide i Syd-Afrika 1889-1939, Svensk Missionstidsskrift 1939 s. 191-215.
- Torsten Ysander:* Lutheran Cooperation in South Africa, World Lutheranism of Today, A Tribute to Anders Nygren 15 November 1950, Lund 1950, s. 418-434.
- Herman Schlyter:* The History of the Co-operating Lutheran Missions in Natal 1912-1951. Durban 1953.
- Referater fra Det norske misjonsselskaps misjonærkonferanse, Natal, Sør-Afrika.
- Referat fra det lutherske misjonsmøtet i Pretoria 1951.